

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.06.2015

Tom Skauge sette fram slikt forslag:

1. "Innføring av tidsdifferensierte bompengetakster i Bergen vil gi behov for å auke kapasiteten i kollektivtilbodet i store delar av kollektivnettet. Kapasitetsaukande tiltak skal i verketjast både i og utanom rush for å oppnå best effekt av ressursane som vert sett inn. Årleg kostnadsramma er kr 35 mill., med gjennomføring frå 01.01.2016.
2. Tiltaka vert søkt finansiert med belønningsmidlar. Dersom det ikkje vert gitt tilstrekkeleg løyving over belønningsordninga, vil det vere nødvendig å omdisponere midlane i inneverande belønningssøknad for å sikre tilstrekkeleg finansiering. Ei slik omdisponering må gjennomførast i samråd med Bergen kommune.
3. Fylkestinget har som mål å snarast råd innføre kollektivfelt på 4-felts innfartsårer til Bergen.
4. Fylkestinget vil støtte rushtidsavgift i Bergen så snart kollektivfelt er oppretta med betre busstilbod."

Stein Inge Ryssdal sette på vegner ar H, V og Frp fram slikt forslag:

"Tillegg:

Fylkestinget ber om ein gjennomgang av kapasiteten i rutene i Bergensområdet. Rapport vert å leggja fram for fylkestinget oktober 2015."

Røysting

Det var 55 representantar til stades.

Innstillinga punkt 1 og 2 vart samrøystes vedteken.

Skauge sitt forslag punkt 3 og 4 fekk 2 røyster (SV) og fall.

Ryssdal sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Innføring av tidsdifferensierte bompengetakster i Bergen vil gi behov for å auke kapasiteten i kollektivtilbodet i store delar av kollektivnettet. Kapasitetsaukande tiltak skal i verketjast både i og utanom rush for å oppnå best effekt av ressursane som vert sett inn. Årleg kostnadsramma er kr 35 mill., med gjennomføring frå 01.01.2016.

Tiltaka vert søkt finansiert med belønningsmidlar. Dersom det ikkje vert gitt tilstrekkeleg løyving over belønningsordninga, vil det vere nødvendig å omdisponere midlane i inneverande belønningssøknad for å sikre tilstrekkeleg finansiering. Ei slik omdisponering må gjennomførast i samråd med Bergen kommune.

Fylkestinget ber om ein gjennomgang av kapasiteten i rutene i Bergensområdet. Rapport vert å leggja fram for fylkestinget oktober 2015.